

Har du lyst på ein småjobb?

Som du kanskje har lest har me starta opp **Småjobbsentralen i Ål**. Småjobbsentralen i Ål vert leia eit styre og formidlar mindre oppdrag mellom brukarane og «småjobbaren». Me håpar det fins folk der ute som har lyst til å bidra! Folk med arbeidslyst og litt tid til overs, kan få høve til å hjelpe andre som har behov for ei handsrekning.

SMÅJOBBS: Korte arbeidsoppgåver på maksimalt 4 timar, som det ikkje er naturleg at andre (profesjonelle, offentlege eller frivillige) tek seg av. Typiske arbeidsoppgåver vil vera vedlikehald, reparasjonar, hagearbeid, rydding etc. Jobbane må ikkje ha eit slikt omfang at dei blir klassifisert som næring eller har varig, regulær karakter. Arbeid som krev autorisasjon, eller er kommunen sitt ansvar, kjem ikkje inn under kategorien «småjobb».

SMÅJOBbaren: (hjelparen) registrerar seg for småjobboppdrag ved å skrive under på registreringsskjema og teiepliktskjema. Her blir det og registrert kva type oppdrag vedkommande er villig til å utføre. Småjobbaren representerer seg sjølv, og står fullt ut ansvarleg ovanfor oppdragsgjevaren.

FORMIDLING: Bestilling av oppdrag vil foregå ved at oppdragsgjevar vender seg til småjobbsentralen. Sentralen kontaktar så ein hjelpar som kan ta nettopp dette oppdraget. Dersom hjelparen tek oppdraget, opplyser kontorvakta dette til oppdragsgjevaren, slik at han/ho kan avtale detaljar om jobben (tid, stad etc) med hjelparen. Sentralen har ikkje noko ansvar for jobben anna enn sjølve formidlinga. Sentralen får kontor i frivilligsentralen, og skal ha kontortid tysdag og torsdag – frå kl 10.00 – 12.00. Me treng og "kontorhjelpere". Dette er dugnadsarbeid.

BETALING: For ein småjobb er betalinga sett til kr 150,- pr time. I tillegg kjem evt godtgjersle for bruk av bil i oppdraget (ikkje til og frå oppdragsstad). Slik inntekt er friteken for skatt og arbeidsgjevaravg. (om den ikkje overstig kr 6000,- pr oppdragsgjevar) Betalinga skal skje direkte mellom oppdragsgjevar og hjelpar.

Brukarane (oppdragsgjevarane) vil i hovudsak vera eldre og menneske med nedsett funksjonsevne. Å vera småjobbar er ikkje noko ein blir rik av, men det er heller ikkje meininga. Men dei som treng hjelp får det, og kan betale litt for det. Den som har arbeidslyst, får noko å gjera, og den som ikkje greier så mykje sjølv, kan få hjelp! Ein vinn – vinn situasjon!

Har du lyst til å bli ein småjobbar?

Ta kontakt med Arvid Tveit – tlf: 916 78 860

Epost: aalsmaajobb@gmail.com